

# Oppsummering av programmet

## ”Bedre markedsadgang for norsk sjømat”

### 1. Bakgrunn

Prosjektet vart igangsett i 2003, på eit tidspunkt der det var stor merksemd på verknadene av handelshindringar i sjømatnæringa. Situasjonen var prega av at EU stod i startgropa til utvidingar mot aust, noko som ville medføre tap av store frihandelsområder for norske sjømatprodukt og at den femårige lakseavtalen med EU frå 1997-2002 hadde påført effektive produksjons- og salshemmande tiltak på oppdrettsnæringa. Samtidig var deler av næringa prega av dårleg lønsemd og ikkje minst såg ein sporer til ein ny EU-debatt. Alle desse områda vart kopla til konkurransesituasjonen i marknaden.

Hovudmålsetjinga med prosjektet vart såleis å kartleggje norske handels- og næringsvilkår samanlikna med konkurrentane våre, og å finne forklaringsfaktorar på ulike konkurransevne i handelen. Prosjektet har vore inndelt i tre delprosjekt. Dei tre områda kan alle sporast attende til ønskje om styrkt konkurransevne i marknaden.

Vi hadde ein situasjon der delar av næringa såg ut til å tape posisjon i etablerte marknader. Fersk torsk frå Island, sei frå Færøyane osb konkurrerte sterkt med norske produkt i EU-marknaden. Det var difor naturleg at ein del av studien såg nærmare på vilkåra for sjømatnæringa i nabolanda våre.

Vi såg ein gryande EU-diskusjon, som mellom anna medførte at FHL og fleire andre organisasjonar gjekk saman om å etablere Kysten inn i EU, som ein støtteorganisasjon for EU-medlemskap. For alle delar av sjømatnæringa var EU-debatten viktig, om enn med noko ulikt forteikn.

Den store merksemda på marknader, konkurransetilhøve og handelshindringar var og eit resultat av at WTO-forhandlingane stadig vart utsette og omfanget av regionale avtaler voks. Særleg var Chile aktive i å forhandle fram nye avtaler, og landa i Asia var nye målgrupper.

### 2. Mål

I delprosjekt 1 ”Konkurrentanalyse” har målsetjinga vore å studere skilnadar i strukturelle og næringspolitiske trekk ved fiskerinæringa hos viktige konkurrentar innanfor ressursforvaltning, produksjon, næringsstruktur og handel/ marknad.

I delprosjekt 2 ”Norsk medlemskap i EU” har målsetjinga vore å identifisere vanskelige forhandlingsområde ved eventuelle EU-forhandlingar. Vidare å gå inn i desse for å vurdere kva vi kan vente ved forhandlingar, kva forhandlingsrom vi har og kvar vi vil måtte gjere nasjonale tilpassingar for å sikre best mogelege løysingar for sjømatnæringa. Og sist, men ikkje minst var det ei målsetjing å byggje ein felles kunnskapsplattform i fiskerinæringa

I delprosjekt 3 ”Internasjonale avtaler” har målsetjinga vore å få meir kunnskap om regionale avtaler, korleis desse påverkar konkurransekrafta i fiskerinæringa i ulike marknader og korleis vi frå norsk side kan motverke større konkurranseskilnader.

### 3. Samandrag

Det er gjennomført konkurrentanalysar på kvitfisksektoren for Island, Færøyane, Danmark og Noreg. Siktemålet har vore å kartlegge viktige strukturelle og næringspolitiske trekk ved fiskerinæringa hos desse konkurrentane innanfor ressursforvaltning, produksjon, næringsstruktur og handel/ marknad. Det er i analysane lagt hovudvekt på kvitfisk og til dels også reker og pelagisk for Island. Denne prioriteringa er gjort ut i frå at konkurransen i kvitfiskmarknaden har vore aukande og lønsemda i norske kvitfiskbedrifter har vore sviktande i mange år. Prosjektet har gitt innsyn i viktige strukturelle skilnader både på flåte- og industriledet, som igjen kan forklare ulike strategiar og suksess i marknaden.

Det er utarbeidd ei brei analyse av betydninga av ulik struktur i eksportleddet. Analysen viste at det ikkje er openbare fordelar ved å redusere talet på aktørar i eksportleddet. Forskinga synte at pris i marknaden ikkje divergerte særleg mykje ut frå storleiken på selskapa, men at leveransetidspunkt heilt ned på vekedag hadde betydning for pris. Analysen var med på å fagleggjere og avslutte ein gryande debatt om kor vidt talet på eksportørar er til hinder for ei positiv utvikling i næringa.

På same måte har ei analyse av effekten av valutakursen på konkurransesituasjonen for norsk fiskeeksport vore viktig for å fagleg dokumentere kor stor verknad denne har for næringa. Analysane synte at alle områder av norsk sjømatnæring tapte stort på den sterke kronekursen i 2001-2003. Særleg sterkt var tapet i dei tilfeller der konkurrerande artar brukte ein valuta som svekka seg i høve til hovudmarknadane, samstundes som norsk krone styrka seg. I 2003 utgjorde tapet på grunn av valutadifferansar nesten 2,5 milliardar NOK. Dette er eitt av dei områda som i størst grad kan forklare ulik konkurranseutvikling for eksportindustrien i ulike land.

I samarbeid med fiskarorganisasjonane har prosjektet sett på korleis eit eventuelt medlemskap i EU vil endre rammevilkåra for næringsutøving i Noreg, knytt både til fangst og handel. Prosjektet har skapt ein felles kunnskapsplattform i næringa om kva retning viktige rammevilkår i næringa vil endre seg ved mogeleg EU-medlemskap. Måten næringa har samarbeidd på og i fellesskap fått fram gode utgreingar på vanskeleg områder som ressursforvaltning, førstehandsomsetjing, tilgangen til å drive fiske, fordelar og ulemper for handelen gjer at svært mange udokumenterte påstandar og skjønsmessige vurderingar lett vil kunne lukast vekk ved ein EU-debatt. I tillegg er fiskerinæringa gjennom dette prosjektet gjort seg svært godt førebudde på eventuelle forhandlingar.

Eitt av områda som prosjektet har sett nærmare på er kva verknadar eit EU-medlemskap vil få for deltakarlova. Analysen som er gjennomført viser at det er usikkert om det aktivitetskravet ein dag har i deltakarlova vil verte oppfatta som skjult diskriminering, og at ein dermed ikkje kan bruke dette for å hindre utanlandske oppkjøp av flåten. Analysen tilrår at Noreg innfører regler som utnytter dei opningar som EF-domstolens praksis gir m.o.t. å stille krav til dei fartya som skal fiske på norske kvoter. Dette kan vere vilkår om at ein viss del av landingane skal skje i Noreg. Eit slikt vilkår må ein likevel kombinere med krav om tilknytning til flaggstaten på andre måte (t.d. at vedlikehald må skje ved norske verft, at ein kjøper reiskap frå leverandør som etablert i Noreg m.m.).

Framveksten av regionale handelsavtaler påverkar fiskerinæringa si konkurransekraft i ulike marknader og gir konkurranseskilnader. Det er gjennomført analyser over dei prosessane som er i gang i Chile, Nord-Amerika og Asia på dette feltet. Prosjektet har gitt oss praktisk innsikt

i korleis Chile og stadig fleire land i Asia arbeider og tenkjer på området, noko som har direkte innverknad på konkurransen for norsk sjømat.

Vi har og oppdatert ein studie av korleis sjømatimporten til EU har utvikla seg under EØS-avtalen, for å synleggjere dei hindringane som ligg i denne avtalen for norsk sjømatnæring. Etter inngåinga av EØS-avtalen har konkurransen på EU-marknaden endra seg svært mykje. Kina er i dag den største leverandøren av kvitfiskfilet til EU. På ein klar andre plass kjem Vietnam. For norsk fiskerinæring er det viktig å ha så gode konkurranseforhold som mogeleg samstundes som vi arbeider hardt for å vidareutvikle oss på dei områda der vi har konkurransemessige fortrinn.

#### **4. Nytteverdi for næringa**

Nytteverdien i dette prosjektet gjer seg først og fremst gjeldande i det generiske arbeidet. Kunnskapen frå dei ulike prosjekta har vore til god hjelp for næringa sitt arbeid på organisasjonsnivå.

For delprosjekt 2 om EU-forhandlingar opplevde vi at debatten nok ein gong vart skrinlagt. Nytteverdi ved dette delprosjektet vert difor ikkje utløyst før debatten om medlemskap kjem opp på ny. Vi har fått ein svært god gjennomgang av områder som vi veit vil gi problem i framtidige forhandlingar.

Fleire av rapportane under delprosjekt 1 har vore presentert under Kvitfiskkonferansane i Tromsø (2004 og 2005) og Pelagiske dagar (2007). Rapportane har og vore presenterte på medlemsmøter i FHL. Vi har i samarbeid med Noregs Fiskarlag og Fiskebåtredernes forbund arrangert eit eige seminar for delprosjekt 2 om EU-medlemskap.

Delprosjektet om regionale avtale har gitt oss nyttig kunnskap i samband med næringa si oppfølging og innsats i EFTA-arbeidet. Det har gitt grunnlag for gode faglege innspel til styresmaktene på EFTA-området. Den gode framgangen vi ser i EFTA-arbeidet frå norsk side har kome mellom anna frå sterkt press frå fiskerinæringa.

#### **5. Organisering av prosjektet**

Vi har i delprosjekt 1 og 3 hatt eit nært fagleg samarbeidd med Eksportutvalget for fisk. I delprosjekt 2 har det vore ei eiga prosjektgruppe med representantar frå Norges Fiskarlag, Fiskebåtredernes Forbund, Norske Sjømatbedrifters Landsforening i tillegg til FHL. Dette har vore føremålstenleg ettersom problemstillingane som vart studerte og vedkjem flåtesida.

Ei rekke forskings- og analysemiljø er brukt i prosjektet, mellom anna Norges Fiskerihøgskole, Universitetet i Tromsø, NORUT Samfunnsforskning, Universitetet i Stavanger, PwC og andre analysemiljø, nasjonalt og internasjonalt.